



NORSK INSTITUTT FOR  
**BUNAD OG  
FOLKEDRAKT**

2019



Figur 1: Rygnestad gard i Setesdal. Foto: Camilla Rossing, 2019.

# Årsmelding 2019

NORSK INSTITUTT FOR BUNAD OG FOLKEDRAKT

CAMILLA ROSSING



<b>1.0. FORMALIA</b>	<b>5</b>
<b>2.0. ADMINISTRASJON OG PLANARBEID</b>	<b>7</b>
2.1. ADMINISTRASJON	7
2.2. ØKONOMI	7
<b>3.0. FORVALTNING OG DOKUMENTASJON</b>	<b>9</b>
3.1. ARKIV OG SAMLINGAR	9
3.2. FELTARBEID OG ANNA TILVEKST TIL SAMLINGANE	10
3.2.1. Registrering, fotografi	11
3.2.2. Mønsterarkiv	11
3.2.3. Modellbunader og draktsamlinga	12
3.2.4. Leif Flugon og Irmelin Benes' samling	12
3.2.5. Biblioteket	13
3.3. SAMLINGSFORVALTNING, DIGITALISERING OG SIKRING	13
3.3.1. Sikringsarbeid	13
3.3.2. Registreringsarkivet og digitalisering	13
3.3.3. Digitalisering av mønsterarkiv	13
3.3.4. Digitalisering av privatarkiv	14
3.3.5. Sikring av gjenstandssamling	14
<b>4.0. FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING</b>	<b>15</b>
4.1. REKONSTRUKSJONARBEID	15
4.1.1. Herregårdsbunad for kvinne frå Østfold	15
4.1.2. Yngre mannsbunad frå Østfold	15
4.1.3. Eldre mannsbunad frå Østfold	16
4.1.4. Kvinnebunad frå Sør-Valdres	16
4.1.5. Kvinnebunad frå Øvre-Hallingdal	16
4.1.6. Kvinnebunad frå Ryfylke	16
4.1.7. Kvinnebunad frå Øvre-Valdres	16
4.1.8. Kvinnebunad frå Hedemarken	16
4.1.9. Mannsbunad frå Solør/Odal	17
4.1.10. Kvinnebunad frå Sør-Østerdalen/Rendalen	17
4.1.11. Kvinnebunad frå Oppdal	17

4.1.12. Mannsbunad frå Oppdal	17
4.1.13. Mannsbunad frå Vest-Agder	18
4.1.14. Mannsbunad frå Nordmøre	18
4.1.15. Kvinnebunad frå Iveland	19
4.1.16. Kvinnebunad frå Ytre Sogn	19
4.1.17. Mannsbunad frå Vestfold	19
4.1.18. Kvinnebunad frå Ålen i Trøndelag	19
4.1.19. Mannsbunad frå Nord-Gudbrandsdalen	20
4.1.20 Mannsbunad frå Tydal	20
<b>4.2. ARBEID MED STOFFKVALITETAR</b>	<b>20</b>
<b>4.3. NOMENKLATUR</b>	<b>20</b>
<b>4.4. FORSKINGSPROSJEKT</b>	<b>21</b>
4.4.1 Ny, fast utstilling: Sentrale kvinneskikkelsar i bunadshistoria	21
4.4.2. Draktskikk og impuls på Austlandet	22
4.4.3. Bunad og nasjonalromantikken	22
4.4.4. Bunad som politikk	22
4.4.5. Digital Papirdukke	22
4.4.6. Dokumentasjon og utprøving av Jackquardvev: Wangen im Allgäu, Tyskland	22
<b>5.0. RÅDGJEVING, UNDERVISING OG FORMIDLING</b>	<b>25</b>
<b>5.1. RÅDGJEVING</b>	<b>25</b>
<b>5.2. UNDERVISING</b>	<b>25</b>
5.2.1. Drakt og samfunn	25
5.2.2. Bunadopplæringa	26
<b>5.3. FORMIDLING</b>	<b>26</b>
5.3.1. Utstilling	26
5.3.2. Nettsider og sosiale media	26
5.3.3. Omvisingar	26
<b>6.0. FORNYING OG NETTVERKSBYGGING</b>	<b>27</b>
<b>6.1. NASJONALT NETTVERK FOR DRAKT OG TEKSTIL</b>	<b>27</b>
<b>6.2. FAGDAGANE 2019</b>	<b>27</b>
<b>6.3. IMMATERIELL KULTURARV</b>	<b>27</b>
6.3.1. Instruktørnettverket	27
6.3.2. Evalueringskomité under Unesco	27

---

---

6.3.3. Nominasjon av norsk bunadsbruk til UNESCO	28
6.4. <i>Nordisk draktseminar</i>	28
<b>7.0. BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET</b>	<b>29</b>

---

---

## 1.0. FORMALIA

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forskning og formidling av folkedrakt og bunad.

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til Landsnemnda for bunadspørsmål og organisert under Kontoret for kunst og kultur. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statuttar. I 1986 vart namnet omgjort til Bunad- og folkedraktrådet, og same år vart sekretariatet flytta frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart all drift av Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea AS, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet (KUD) og Valdresmusea (VM). Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Arbeidet ved instituttet er rettleia av Vedtekter for Bunad- og Folkedraktrådet får 1.1.2008, og sist endra i 2012. Vedtektene for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet beheld namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom, og forvalta av Valdresmusea. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Ein har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda har valt å halde fram med same rutinar ang post og arkivering som tidlegare.

Avtalen frå 2008 mellom Valdresmusea og Kulturdepartementet seier mellom anna at NBF skal arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og tilverking av dei norske bunadene, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særegne kvalitetar. NBF skal dessutan dokumentere og fremje kunnskap om eldre folkeleg draktskikk, som grunnlag for dagens bunader. Sjå elles vedtektene for Bunad- og folkedraktrådet bakerst i dette dokumentet.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen:

- Sørge for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av dokumentasjonssamlingane
- Formidle kunnskap frå arbeidet og om fagfeltet

- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å gje råd om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som utgangspunkt for norsk bunadtilverking.
- Vere sekretariat for det statleg oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Staten ved NBF har no i 70 år arbeidd med å dokumentere bunad- og folkedraktmaterialet i Noreg.

Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for forskning og ei vidareføring av den norske, allmenne bruken av bunad.

## 2.0. ADMINISTRASJON OG PLANARBEID

### 2.1. ADMINISTRASJON

Ole Aastad Bråten, direktør Valdresmusea as.

Camilla Rossing, leiar NBF

Tove Stubbene, økonomi og personalleiar Valdresmusea as.

NBF nyttar museet sine vaktmeistrar, reinhaldarar og handverkarar etter behov.

### 2.2. ØKONOMI

Økonomisk ramme for 2019 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr. 4.331.200,- samt ei ny årleg bevilling knytt til draktforskningsarbeid, på kr. 400.000,- . I tillegg kjem kr. 80.000,- i egne inntekter. Den totale ramma i 2019 var slik kr. 4.811.200,-. I desember 2019 vart NBF tildelt 400.000,- kr. av Sparebankstiftelsen DNB til arbeidet med Digital Papirdukke. Desse midlane blir tilgjengelege i 2020.

Kontorsjef Tove Stubbene fører rekneskap for heile Valdresmusea (VM). NBF har 20% av denne stillinga. NBF har eige budsjett der instituttleiar har budsjettansvar og syter for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. for betaling. Direktør ved VM attesterer for instituttleiar sine reiserekningar. I rekneskapen er ein del postar spesifikke, medan ein del er prosentvis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. NBF har i 2019 hatt dei største kostnadane sine til KLP, utstilling og datatenester levert av KulturIT. Personalkostnadane utgjer om lag 70 % av totalbudsjettet.

#### Tilsette ved NBF i 2019

NAMN	STILLINGSTITTEL	ARBEIDSTITTEL
Camilla Rossing	Amanuensis 100 %	Leiar
Ragni E. Nilsen	Amanuensis 100%	Konservator
Solveig Strand	Amanuensis 100%	Konservator
Kristin Gulbrandsen	Førstekonsulent 100 %	Fagkonsulent
Bodil Enger	Førstekonsulent 50 %	Fagkonsulent
Randi Flatin	Konsulent 50%	Arkivkonsulent



Samarbeid med frivillige:

Maria Lund (pensjonist) har gjort førefallande saumoppgåver ein halv dag kvar veke.

## 3.0. FORVALTNING OG DOKUMENTASJON

### 3.1. ARKIV OG SAMLINGAR

NBF har eit stort arkiv av registrerte draktplagg frå heile landet, om lag 82.000. Størstedelen av desse plagga er i privat eige, og ein mindre del i museumseige. Folkedraktmaterialet står sentralt i dokumentasjonsarbeidet, men også plagg prega av folkeleg mote er viktig å registrere. NBF registrerer også eldre bunader der ein finn det relevant, for å dokumentere ei 150 år lang bunadshistorie. Saman med registreringsarkivet fylgjer eit fotoarkiv på om lag 315.000 foto og negativ.

NBF forvaltar dessutan eit omfattande mønsterarkiv som inneheld både originalmønster, graderte mønster, skisser, vev- og broderimønster og saumforklaringar frå folkedraktplagg over heile landet.

NBF har ei samling med modellbunader frå ulike rekonstruksjonsprosjekt. Det er ei målsetjing at NBF skal ha modellbunadar frå alle rekonstruksjonar som er utført i samarbeid med instituttet. Instituttet har også ei mindre samling andre bunader, som brukast i formidling og utstilling. NBF har også ei samling av gamle draktplagg, sko, draktmetall og så vidare til bruk i undervising og det faglege arbeidet elles.

NBF skal til ei kvar tid ha eit oppdatert stoffarkiv til bruk i rådgjevingsarbeidet vårt, samt som ein dokumentasjon på utviklinga i norsk tekstilindustri.

NBF har ei biblioteksamling som til ei kvar tid skal innehalde det meste av relevant draktfagleg litteratur. Biblioteket er tilrettelagt som eit studiebibliotek for brukarar/studentar, og er elles ein viktig ressurs i det faglege arbeidet ved NBF. Biblioteksamlinga er no registrert i programmet Bibliofil gjennom eit samarbeid med Nord-Aurdal folkebibliotek. Arbeidet har gått føre seg i fleire år. Ein fekk i 2015 ein eigen brukar i Bibliofil for NBF.

#### Oversyn arkiv og samlingar ved NBF

Registreringsarkiv:	Digitale gjenstandsregistreringar med foto i databasesystemet Primus,.
Kortarkiv:	Registreringskort frå feltarbeid fram til 2008
Fotoarkiv:	Filmnegativar, lysbiletearkiv, og digitalt fotoarkiv
Kjeldearkiv:	Skiftemateriale, ymse publisert og upublisert kjeldemateriale om eldre draktskikk/ bunadshistorie
Stoffarkiv:	Stoffprøver frå små og store tekstilprodusentar i inn- og utland

- Mønsterarkiv: Avteikna mønster og saumforklaringar av folkedraktplagg og bunader frå ulike delar av landet
- Bibliotek: Faglitteratur som omhandlar bunad, folkedrakt, motehistorie, generell kulturhistorie, tekstilhandverk, sko, draktmetall osv
- Modellbunader: Nysydde kopiar av folkedraktmateriale, diverse bunader i ulike kategoriar, samt eldre folkedraktplagg til bruk i formidlingsarbeidet ved instituttet og som dokumentasjon på eldre draktskikk
- Korrespondansearkiv: Korrespondanse på faglege spørsmål og kontakt med fagmiljøet frå verksemda var oppretta
- Rekonstruksjonsarkiv: Bearbeida og systematisert empirisk materiale, samt analyser og tolkingar i samband med rekonstruksjonsprosjekta
- Mediearkiv: Omtale av bunad og folkedrakt i media
- Studentoppgåver Frå universitetsfaget Drakt og Samfunn (197 stk pr. 31.12.15)
- Diverse innkomne private arkiv



Figur 2 og 3: Foto: NBF. Forklær til innkjøpte Sunnmørsbunader.

### 3.2. FELTARBEID OG ANNA TILVEKST TIL SAMLINGANE

I samband med kartlegginga av eldre draktskikk i Noreg har NBF i 2019 gjennomført to feltarbeid av ulik storleik. Det gode samarbeidet med lag eller institusjonar i lokalmiljøet er avgjerande for at feltarbeida blir vellukka.

Gjennomførte feltarbeid i 2019

- Hardanger, jonsokbruredrakter Anne Lutro og Hardanger folkemuseum

- Setesdal Randi Myrum, Setesdalsmuseet

Eit vanleg feltarbeid i Hardanger var planlagt våren 2019, men det vart avlyst av Hardanger folkemuseum. Feltarbeid i Trysil var ikkje mogleg å gjennomføre i år, grunna lokale føresetnader.

### Registreringane vert ført i registreringsprogrammet Primus:

- |                                 |              |                    |
|---------------------------------|--------------|--------------------|
| • Hardanger, jonsokbruredrakter | 1. -5. april | 157 registreringar |
| • Setesdal                      | 3.-7. juni   | 107 registreringar |
| • Registrert på instituttet     | Heile året   | 201 registreringar |

Total tilvekst pr. 31.12.2019 465 reg.

Totalt registrerte plagg ved NBF pr. 31.12.2019 i Primus: 82.718 registreringar.

#### 3.2.1.Registrering, fotografi

Det vart teke 2.325 fotografi i 2019. Totalt har NBF 315.058 dokumentasjonsfoto i samlinga si.

På instituttet vart mange innlånte gjenstandar dokumentert og fotografert på nytt i samband med rekonstruksjon. Mange av desse er tidlegare registrerte gjenstandar.

#### 3.2.2. Mønsterarkiv

Mønsterarkivet inneheld totalt 1178 mønster.

Tilveksten i mønsterarkivet i 2019 er 31 mønster, 2 av desse er vevanalyser:

- |  |                 |
|--|-----------------|
| • Hette (k), skisse og saumbeskriving.                         | Østfold         |
| • Hette, kabuss (m), skisse, saumbeskriving                    | Østfold         |
| • Trøye (k), skisse  | Nord-Østerdalen |
| • Livstakk (k), skisse   | Nord-Østerdalen |
| • Lue (b), original  | Sør-Østerdalen  |
| • Liv (k), skisse.   | Sør-Østerdalen  |
| • Trøye/Vest (g), skisse. Vevanalyse                           | Gudbrandsdalen  |
| • Trøye/vest «ondvest», skisse.<br>Vevanalyse, saumbeskriving. | Gudbrandsdalen  |
| • Knebrok (m), skisse.   | Gudbrandsdalen  |
| • Vest (m), skisse.  | Gudbrandsdalen  |

- Lue (b), original Gudbrandsdalen
- Lue (b), original Gudbrandsdalen
- Kjole (b), original Gudbrandsdalen
- Kjole (k), skisse. Vest-Oppland
- Liv (k), skisse og saumbeskriving. Sør-Valdres
- Kåpe «kavai», skisse. Øvre-Valdres
- Vest (m), skisse. Øvre Hallingdal
- Kåpe «kjørekjol» (k), original, saumbeskriving Øvre Hallingdal
- Liv (k), skisse. Vest-Telemark
- Liv (k), skisse. Vest-Telemark
- Skautevalk «rudd» (k), skisse Vest-Telemark
- Vest (m), skisse. Vest-Telemark
- Trøye (m), med saumbeskriving. Vest-Agder
- Vest, original og saumbeskriving. Vest-Agder
- Vest, bearbeidd Vest-Agder
- Langbukse, skisse og saumbeskriving Vest-Agder
- Vest (m), original Vest-Agder
- Valk (k), til lue, skisse Røldal
- Trøye (k), skisse Hardanger

### 3.2.3. Modellbunader og draktsamlinga

Pr. 31.12.19 har NBF 65 modellbunader, 8 folkedrakter og ein god del enkeltplagg. Tilvekst i 2019 er 47 gjenstandar. Ein ny modellbunad frå Ryfylke i Rogaland er kjøpt inn frå Rogaland bunadnemnd. Bunaden omfattar til no 9 gjenstandar. NBF har og motteke fleire gåver: Ein kvinnebunad frå Sunnmøre gjeve av Anita Rønning; ein kvinnebunad frå Sunnmøre gjeve av Mette Ravn; delar av ein Nasjonaldrakt gjeve av Bente Garred. Gåvene er frå fyrste halvdel av 1900-talet. Totalt tal på plaggdelar i draktsamlinga er no 1044 enkeltgjenstandar.

### 3.2.4. Leif Flugon og Irmelin Benes' samling

NBF fekk i september 2016 ei sylvsamling i gåve frå Leif Flugon og Irmelin Benes. Samlinga omfattar 454 draktmetallgjenstandar.

### 3.2.5. Biblioteket

NBF har om lag 6000 bøker, tidsskrift og småskrift. Den reelle tilveksten i 2019 er på om lag 15 bøker. I tillegg leggjast stadig fleire bøker og småskrifter til biblioteket frå boksamlinga som instituttet arva etter Aagot Noss.

## 3.3. SAMLINGSFORVALTNING, DIGITALISERING OG SIKRING

NBF er oppteken av at både dei fysiske og dei digitale samlingane ved instituttet er bevart på eit forsvarleg vis. Til dette arbeidet høyrer også fagleg utvikling for dei tilsette. Derfor har samlingsansvarleg ved instituttet i 2019 vore på Brukarmøte i KulturIT og E-seminar om den siste utviklinga innan Primus, Digitalt Museum, KulturNav, o.s.b.

### 3.3.1. Sikringsarbeid

Sikringsarbeidet ved NBF fylgjer sikringsplanen som vart utarbeidd saman med Valdresmusea i 2014. Her under ligg også ein evakueringsplan, og ros-analyse med tiltaksplan som reviderast kvart år. Samlingsansvarleg representerer NBF i sikringsgruppa ved Valdresmusea, som møtast kvar månad.

### 3.3.2. Registreringsarkivet og digitalisering

Alle registreringane til NBF vert innførte i samlingsforvaltningssystemet Primus, som er drifta og utvikla av KulturIT. Nettsida Digitalt museum er fellesløysinga for publisering av samlingar registrert i Primus. I 2019 vart det publisert 2002 registreringar frå NBF på Digitalt museum. Totalt er no 10689 registreringar publisert. NBF les korrektur på alle registreringar før publisering.

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få lagt inn bilete til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore prioritert å digitalisere alle gamle filmnegativar og lysbilete, og å leggje desse inn i Primusdatabasen. NBF sine negativar er ferdig skanna. Skanning av lysbilete utførast av friviljuge. Det står att 7410 lysbilete som ikkje er skanna.

### 3.3.3. Digitalisering av mønsterarkiv

Mønsterarkivet ved NBF er uerstatteleg, og difor prioritert i sikringsplanen. Å digitalisera vil sikre materialet, samt kunne gjere det meir søkjebart og brukarvenleg. På grunn av størrelse og format er arbeidet krevjande. I 2019 er det skaffa og tatt i bruk ny maskinvare til skanning og kopiering av mønster.

#### 3.3.4. Digitalisering av privatarkiv

Samlingane ved NBF inneheld privatarkivmateriale etter sentrale aktørar innafor bunad- og draktforskning i Noreg. Fagområdet er sparsamt dokumentert og skildra, og materialet hjå instituttet bør bli meir tilgjengeleg for forskning og formidling. Privatarkiva treng ytterlegare kartlegging, ordning og sikring. Hausten 2017 søkte instituttet om tilskot frå Riksarkivets prosjekt- og utviklingsmiddel for arkivsektoren, og fekk tilsegn om kr 150.000. Målet for prosjektet er å sikre privatarkiva for framtida og publisere dei på Arkivportalen. Prosjektet går fram til 2020, og omfattar etablering av NBF som depotinstitusjon hos Asta/Arkivportalen, ordning av privatarkivmateriale, registrering av arkiva i Asta og at fotografisk materiale vert digitalisert. I 2019 har NBF tatt i bruk Asta 5 og starta registrering av privatarkiva i systemet.

#### 3.3.5. Sikring av gjenstandssamling

Ferdigstilling av magasin for antikvariske draktplagg har blitt utsett til 2020, på grunn av ombygginga av 1. etasje i administrasjonsbygget til Valdres folkemuseum.

## 4.0. FORSKING OG FAGLEG FORDJUPING

NBF har som mål at rådgjevings- og formidlingsarbeidet ved instituttet skal vera basert på grundige faglege undersøkingar og gjerast med utgangspunkt i NBF sine samlingar. Tid og rom for denne typen fagleg arbeid er naudsynt om arkivsamlingane ved instituttet skal skapast om frå fakta til ny kunnskap, og slik danne grunnlag for nye utstillingar, rekonstruksjonar av plagg og vitskaplege artiklar.

Arbeidsåret 2019 har vore prega av dei ulike forskingsprosjekta, i tillegg til rekonstruksjonar og rapportar etter feltarbeid. I tillegg har dei tilsette ved instituttet starta arbeidet med ny fast utstilling.

### 4.1. REKONSTRUKSJONARBEID

Ein stor del av det kulturhistoriske forskingsarbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Dette arbeidet blir utført i samarbeid med personar i det området drakta er ifrå, og gjev lokalmiljøet eit naudsynt eigarskap til arbeidet. Ofte fører ein rekonstruksjon fram til utvikling av ein ny bunad som blir sett i produksjon lokalt, og den skapar slik arbeidsplassar i nærmiljøet. NBF tilbyr opplæring, rådgjeving og til slutt ei vurdering av den tekniske utføringa av arbeidet sett i samanheng med kjeldematerialet som er lagt til grunn. Heile rekonstruksjonsprosessen går gjerne over fleire år før både rapport og vurdering av oppsydd prototyp er ferdig.

#### 4.1.1. Herregårdsbunad for kvinne frå Østfold

Bunaden fekk uttale og diplom for rekonstruksjon i 2015. Kvinner i husflidslaget har i 2019 sett opp ein vev for veving av stripa verken til stakk. Mønster av hette og saumbeskrivelse vart oversendt Kari Filberg frå instituttet i januar 2019. Dei har også fått rådgjeving om nye tekstile kvalitetar som kan brukast til kopiering av hette og kep. NBF ynskjer å kjøpe ein kopi som dokumentasjon på rekonstruksjonen, saman med ein kledning (stakk og trøye av same stoff, gjerne i cattun), og ein stripa verkenstakk med kalleman-trøye. Båe brukt med snøreliv. NBF har allereie sydd ei trøye og eit snøreliv.

#### 4.1.2. Yngre mannsbunad frå Østfold

NBF har sydd opp ein vest, som kan brukast som mal for vidare saumarbeid. Denne vart sendt til nemnda i april.



#### 4.1.3. Eldre mannsbunad frå Østfold

NBF har revidert mønsteret til mannskjolen, og gradert opp i ulike størrelsar. Dette vart sendt til Husfliden Moss i januar. Nemnda har ikkje fått fråsegn.

#### 4.1.4. Kvinnebunad frå Sør-Valdres

Asta Karin Kampen har bedt om hjelp av Else Johnsrud, til å brodere ein kopi av eit tamburert sjal. Vi drøfta ulike kvalitetar og løysingar angående broderi. NBF ynskjer også å låne inn ei trøye i privat eige. Rapporten er snart ferdigskriven, og dei fleste kopiane har vore inne til vurdering, men manglar trøye og sjal før uttale og diplom kan utdelast.

#### 4.1.5. Kvinnebunad frå Øvre-Hallingdal

Guro Espegard i Hol arbeider med kopiering av lokal draktskikk frå 1820-åra. NBF fekk besøk av Guro i mai for gjennomgang av mønster og saumbeskrivelse til kjørekjol. Til møtet hadde ho også med nye stoffprøver av trykt fløyel, av liknande type som er brukt i eitt av dei gamle liva.

#### 4.1.6. Kvinnebunad frå Ryfylke

Kvinnebunaden vart ferdigstilt med fråsegn og diplom i 2017. I 2018 er noko av produksjonen overlevert til Lishild Nesheim og Astrid Engebø Hammeren. Kurs i bunadsaum vert fortsatt halde av Bunadnemnda i Rogaland og stofflageret for kursarbeid blir halde av Nordaker Bunader as. Hammeren har fått ein god del rådgjeving i løpet av året, når det gjeld materialbruk for oppsyng av nye plagg for produksjon. Instituttet har òg bestilt ein modellbunad av Bunadnemnda i Rogaland. Halve modellbunaden vart betalt før jul 2018, og resterande vart utbetalt i 2019. Den nye bunaden vart levert instituttet i august. NBF har også bestilt ein kopi av eit tamburert sjal av Else Johnsrud. Dette blir levert og betalt i 2020.

#### 4.1.7. Kvinnebunad frå Øvre-Valdres

Vi har i samarbeid med Lise Skaug Obel og Husfliden Fagernes arbeidd med kopiering av vove forkle. Lise la fram vevprøver av ulike forkle, med ulike garnkvalitetar. Fleire av prøvene var svært godt utført. I desember vart dei ferdig produserte metervarene levert Husfliden Fagernes for sal. Dei nye kvalitetane er svært gode kopiar, både når det gjeld, garnkvalitet, tettleik og fargar.

#### 4.1.8. Kvinnebunad frå Hedemarken

Husfliden Norsk Flid Hamar har fått ein del rådgjeving med tanke på å få vove opp att amiens (i samarbeid med Krivi vev), brukt til snøreliv.

#### 4.1.9. Mannsbunad frå Solør/Odal

Produsenten Fjellrypa har med rådgjeving frå instituttet arbeidd med knebukse, skjorte, halssprette og knestrømper. Fjellrypa har innleidd eit samarbeid med Krivi vev for å kopiere ein type kalleman, som kan brukast til ermvesten. Fjellrypa lanserte den nye mannsbunaden 12.august 2019. Bunaden deira er enno ikkje lagt fram for NBF for vurdering.

#### 4.1.10. Kvinnebunad frå Sør-Østerdalen/Rendalen

Bunadnemnda i Rendalen har arbeidd med å få transkribert 1000 skifter som alle omhandlar tekstile betegnelse. NBF har vedteke å støtte transkriberinga med kroner kr. 30 000,-. Vi får slik ein kopi av materialet. NBF har elles gruppert alle registrerte plagg, etter grad av motepåvirking. Alle plagg gjenspeglar tida rundt 1770-90.

#### 4.1.11. Kvinnebunad frå Oppdal

Bunadnemnda og Husfliden i Oppdal tok i 2018 kontakt, for å orientere om at dei har starta opp med rekonstruksjon av kvinneklede frå perioden 1790-1835. Nemnda har fått kopiar av alle våre registreringar. Nemnda hadde møte med NBF hausten 2019, for gjennomgang av materiale. Det bevara materialet frå Oppdal er lite, med få tekstilar innanfor kvar plagg-gruppe, og kvar tidsperiode. Men vi meiner å sjå samanhengar og utvikling ut frå det vesle som er bevara.

Nemnda har konsentrert arbeidet sitt om draktskikken slik den var rundt 1770-1790, og har allereie sydd opp ein kopi av eit liv. Når det gjeld stakken, ynskjer vi at de syr den nye stakken så tett opp til originalen som råd. Som hovudplagg er valt ei pull-lue av eldre type. Skjorta som allereie er i produksjon til dagens kvinnebunad høver godt innanfor perioden. Av forkle har de eit av damask, som gjerne kan kopierast. Av lommer har de fleire bevara, og alle kan gjerne kopierast. Ei trøye frå Melhus og ei trøye frå Åmot, Sør-Østerdalen kan vera aktuelle for kopiering. NBF leverer mønster til kep, hette til kep, lue og trøye i 2020.

#### 4.1.12. Mannsbunad frå Oppdal

Det er også planer om rekonstruksjon av mannskleda for Oppdal. Både livstykke, vest (m/ermar), og kjol er plagg som skal brukast saman med knebrok. Alle overdelane skal også kneppast, og de kan i tillegg også bruke ei livjord/belte. NBF er bedt om å hjelpe til når det gjeld framskaffing av mønster, i 2020.

NBF har i tillegg fått kopiar av transkribert skiftemateriale. NBF har i etterkant av møtet også sett på mønsterarbeidet som vart utført i 1993, der vi ser at vi må gjere endringar når det gjeld grunnmønster og gradering av livstykke (m).

#### 4.1.13. Mannsbunad frå Vest-Agder

Husfliden Mandal ved Lisa Blom ynskjer å rekonstruere mannsklede frå Vest-Agder. Lisa hadde i 2018 med seg tre stk eldre plagg, som Husfliden hadde på innlån, frå ein privat eigar. Desse bestod av ei stutt blå trøye av fin klede, ein svart vest, og ei blå langbrok av vadmål. Trøya høyrer truleg heime i biedermeier-perioden (rundt 1830), langbroka høyrer heime i nyrokoko-perioden 1850-70), og vesten er truleg frå 1890-åra.

Vi drøfta materialet som NBF har registrert i Vest-Agder, og kom fram til to moglege tidsperioder, der trøya kan brukast i den eine rekonstruksjonen, og broka kan brukast i den andre. NBF har registrert fleire ulike plagg som kan komplettere både desse periodene. Hausten 2018 lånte NBF inn 15 plagg, for avteikning av mønster og saumbeskrivelse.

Lisa Blom deltok heile veke 8 for å vera med på mønsteravtak av dei innlånte plagga.

I juni vart det sendt bearbeidde mønster av vest og trøye, samt saumbeskrivelse av vest og langbrok. I oktober vart mønsterarbeidet slutført, og dei innlånte tekstilane levert tilbake til eigar. Vi har avteikna tre bukser, seks vestar, ein kjol, ei stutt trøye, og ei skjorte. Desse plagga fordeler seg på to ulike draktperioder, ca 1820-30 og 1850-70.

#### 4.1.14. Mannsbunad frå Nordmøre

I tida 1970- 2019 har NBF registrert til saman 1122 plagg/gjenstandar. Etter feltarbeidet i 1986 uttala BFR at det registrerte materialet var stort nok til å kunne syne korleis draktskikken for menn har vore på Nordmøre i fyrste halvdel av 1800-talet. BFR kom med forslag til dei plagga som skulle kopierast, og til rådsmøte i BFR i 1987, vart trøye, vest og knebrok sendt inn til BFR for mønsteravtak.

Frå Bunadnemnda i Nordmøre Ungdomslag v/Rannei Rødseth vart det i 1990-91 sendt inn nysydd kopiar for vurdering. Alle desse kopiane vart sydd av Husfliden Surnadal. Ei endeleg uttale og diplom for arbeidet med rekonstruksjon fekk ikkje Nordmøre ungdomslag den gongen, noko som må ha vore ei forgløyming. NBF sende difor fråsegn og diplom for arbeidet i 2019. Det vart skriva ein enkel rapport som inneheld alle saksvedtak i BFR.

#### 4.1.15. Kvinnebunad frå Iveland

Besøk av Ingeborg A. Dale. Gjennomgang av materiale frå Iveland. Bunaden har vore produsert sidan 1920-talet i liten skala. Produksjonen stoppa opp i 2015 då siste produsenten døyde. Bunadgruppa ivrar no for å få til ny produksjon. NBF besøkte bunadnemnda i Iveland i november, for at vi saman kunne gå gjennom det bevarede materialet, og såg på ulike periodar for dei ulike plagga. Til møtet hadde bunadnemnda teke med store mengder plagg; både draktplagg som del av den levande draktskikken, men også eldre og yngre representantar for bunadsarbeidet på 1900-talet.

Dei fleste plagga har vi forsøkt å datere, og vi ser for oss ei grovinndeling i tre draktperiodar: 1780-1800, 1810-1830, og 1840-1870. Draktmaterialet i Iveland kan arbeidast vidare med på ulike måtar. Bunadnemnda ytra på møtet eit ynskje om å halde fast ved dagens produksjon, som vidarefører forma som bunaden har fått på 1900-talet. Samtidig drøfta vi moglegheita som ligg i å kunne ta fram plagg som er bruka i den eldste dokumenterte perioden (1780-1800). Der vil bunadnemnda arbeide etter NBF sine prinsipp for rekonstruksjon. Plaggtypane/snitta frå denne perioden blir ikkje nytta som del i dagens bunadarbeid/produksjon. Det vart også på møtet drøfta ein mogleg publikasjon av det bevarede materialet, og all dokumentasjon rundt bunadsarbeidet på 1900-talet.

#### 4.1.16. Kvinnebunad frå Ytre Sogn

Besøk av Annhja Nilsen og Ragnhild Lie (jobbar saman med Åse Sognnes). Dei arbeider med rekonstruksjon av kvinneklær frå Ytre Sogn. Vi hadde gjennomgang av det registrerte materialet, og kom til at nemnda må arbeide vidare med draktskikken rundt 1850-1860, ettersom det er frå den tida vi har det største tilfanget av ulike plagg.

#### 4.1.17. Mannsbunad frå Vestfold

Bunadnemnda i Vestfold ynskjer hjelp til gradering av vest, brok og trøye i større størrelsar enn dei har tilgang til. NBF bad difor om tilgang til originalplagga, ettersom vi ikkje har mønster av desse frå før. Ermevest på Norsk Folkemuseum, og knebrok og vest/brystduk på Vestfoldmuseene, Sandefjord vart difor teikna av i 2019. NBF ser at dagens mønster av særleg trøya avvik mykje frå originaltrøya. NBF foreslo difor ei revidering før mønstera skulle graderast. Revidering og gradering vil skje i 2021.

#### 4.1.18. Kvinnebunad frå Ålen i Trøndelag

Ildrid Walseth har i fleire år sydd kvinneklede frå Ålen, som deler felles draktskikk med Haltdalen og Røros. Delar til kvinnebunaden frå Ålen har tidlegare vore innlevert av Aud Judith Volden i 1987, og

Ildrid Walseth i 1999. I november 2019 vart stakk og trøye innlevert for uttale. Dei andre plaggdelane vert levert i januar 2020, og vi reknar med å fullføre ei fråsegn med diplom for bunaden i fyrste del av 2020.

#### 4.1.19. Mannsbunad frå Nord-Gudbrandsdalen

Edda Ane Stubbrud, Stakkestuggu har ytra ynskje om å rekonstruere mannsklede med stutt-trøye, empirevest og langbrok frå perioden 1830-40 åra. Vi hadde difor eit møte i slutten av oktober der vi gjekk gjennom alt registrert materiale. Ho har i etterkant av møtet fått tilsendt fleire mønster, både av trøye, vest og langbrok.

#### 4.1.20 Mannsbunad frå Tydal

Tydal bygdetun tok kontakt med NBF i 2019 og bad om å få kopiar av registreringar og foto av skinnklede til mann frå Tydalsområdet. Gruppa ynskjer å starte opp arbeid med ein ny mansbunad i skinn.

### 4.2. ARBEID MED STOFFKVALITETAR

NBF har i 2019 arbeidd for å få enkelte tekstilkvalitetar på marknaden igjen. Arbeidet held fram i 2020.

- Vaska linkvalitet, i samarbeid med Solberg Spinderei AS
- Eldre typer silketørkle, i samarbeid med Tyrihans AS
- Trykte bomullsforkle, i samarbeid med Felagi Trykk AS
- Fast klede og rips-kvalitet til stakk, i samarbeid med Gudbrandsdalens Uldvarefabrik AS

### 4.3. NOMENKLATUR

Arbeid med NBF sin nomenklatur for folkedrakt- og moteplagg har skjedd kontinuerleg i det daglege arbeidet i fleire tiår. Nomenklaturen tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudier av drakthistorisk litteratur. I 2016 vart instituttet tildelt 150.000,- frå Norsk kulturråd til arbeidet med ein ny, nasjonal nomenklatur, i samarbeid med det nasjonale museumsnettverket. Nomenklaturen inkluderer til dels tidlegare arbeid frå Sverresborg og Norsk folkemuseum.

Dette er utgangspunktet for at NBF no leiar arbeidet med ein ny, felles drakt- og tekstilnomenklatur i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Det vart i 2016 nedsett ei arbeidsgruppe på fem

medlemsmuseum, som møttest fire gonger i 2017. Desse er: Sverresborg folkemuseum under MIST, Nord-Østerdalsmuseet under Anno, Norsk folkemuseum og Osterøy museum under MUHO.

I 2019 har arbeidsgruppa hatt eit møte med kollegaer på museet Den Gamle By i Århus, som i mange år har arbeidd med ein liknande nomenklatur. På dette møtet vart ein einige om å arbeide for ein nordisk konferanse om nomenklatur i Danmark i 2021.

I tillegg har arbeidsgruppa hatt møte om KulturNav med Ulf Bodin frå Norsk Kulturråd. NBF har i 2019 arbeidd for å klargjere nomenklaturen for overføring til KulturNav, eit arbeid som held fram i 2020.



Figur 4 og 5: Den Gamle By Museum, Århus.

#### 4.4. FORSKINGSPROSJEKT

##### 4.4.1 Ny, fast utstilling: Sentrale kvinneskikkelsar i bunadshistoria

Instituttet sin nye, faste utstilling tek utgangspunkt i sentrale kvinneskikkelsar gjennom bunadshistoria. Nokre har vore føregangskvinner i bunadarbeid og dokumentasjonsarbeid, andre har vore førebilete for bunadbruk. Arbeidet med dei ulike delane av utstillinga er fordelt på dei tilsette ved instituttet, og ein har i 2019 hatt jamlege arbeidsmøter om tekster og utval av arkivmateriale og gjenstandar til utstillinga. Det vert skrive tekstar både til utstilling og utstillingskatalog.

Utstillinga vert designa av Snøhetta og NBF har i 2019 jamleg kontakt med dei om utforming av vegger, monter og hyller i utstillingsrommet. Utstillinga skal opnast i oktober 2020.

#### 4.4.2. Draktskikk og impuls på Austlandet

Dette er eit forskingsprosjekt som starta opp i 2018, og som held fram i 2020 med undersøkingar i Nedre Buskerud. NBF har i 2019 analysert bevarte plagg oppbevart ved Østfoldmusea, til dømes Trollull fellesmagasin og Fredrikstad museum (Tøihuset) Det ble også gjort undersøkingar i arkivet etter Haldens bomulsspinderi og væveri i Halden.

#### 4.4.3. Bunad og nasjonalromantikken

Tilsette ved NBF utarbeida våren 2019 eit foredrag til «Association of Dress Historians' Annual Conference», som vart arrangert 25.-26. oktober på The Artworker's Guild i London. Tema for konferansen var «The Victorian Age: A History of Dress, Textiles, and Accessories, 1819–1901». Foredraget, med tittelen kobla den fyrste bruken av nasjonaldrakt og seinare bunad til dei europeiske nasjonale strømmingane under Victoriatida.

#### 4.4.4. Bunad som politikk

Tilsett ved instituttet har vidare gjort grunnleggande undersøkingar i 2019 for ein presentasjon om den politiske bruken av bunaden i Noreg. Presentasjon blir haldt på konferansen «New research in dress history» i 2020, i Göteborg, 19.-20. august 2020, arrangert av «Association of Dress Historians».

#### 4.4.5. Digital Papirdukke

Instituttet har det siste året hatt eit samarbeid med Tidvis i Oslo om eit formidlingsprosjekt. Prosjektet er ein fortsetjing av deira arbeid med Tollisteprojektet: [www.oslohavn1798.no](http://www.oslohavn1798.no). Prosjektet skal utvikle nye formidlingsmetodar retta mot barn og unge, knytt til handel, import og draktskikk på Austlandsområdet i siste halvdel av 1700-tallet. Tidvis utviklar dataspel med utgangspunkt i den virtuelle versjonen av Oslo Hamn og kvadraturen, der både butikkinnehavarar, kvinner og menn frå ulike samfunnslag og gateløp/bygningar/heimar er med som element. Teknologien utviklast vidare i 2020, med instituttet som fagleg rådgivar og støttespelar. Dataspelet og nettsideløysingar blir knytt til instituttet sine heimesider og jubileumsutstilling i 2022. Det vart offentleggjort ei tildeling til prosjektet på 400.000kr frå Sparebankstiftelsen i 2019, som blir utbetalt i 2020.

#### 4.4.6. Dokumentasjon og utprøving av Jackquardvev: Wangen im Allgäu, Tyskland

Hausten 2019 reiste representant for NBF saman med vevar Charlotte Engstad på ei veker dokumentasjonsarbeid til Sør-Tyskland. Engstad hadde eit mål om å utforske og lære korleis Herman Wendlinger bygde og brukte sine vevreiskapar. Han lærte å veve av sin farfar, som i sin tur lærte det



av sin far. Det er svært få verkstader att i Europa, der tradisjonen framleis er levande. Gjennom denne veka fekk instituttet ei praktisk forståing av korleis ein Jacquardvev blir brukt, og kva som krevst av førebuingar og tilpassingar undervegs i prosessen.



Figur 6 Charlotte Engstad og Camilla Rossing i verkstaden. Mønster males på millimeterpapir. Foto: Herman Wendlinger.





*Figur 7 Herman Wendlinger monterer hullkort på toppen av Jacquardveven. Foto: Camilla Rossing, NBF.*

## 5.0. RÅDGJEVING, UNDERVISING OG FORMIDLING

NBF arbeider med dokumentasjon, forskning og formidling på det folkedrakt- og bunadfaglege feltet, og har som mål å drive både praktisk og teoretisk formidling på vidaregåande- og universitetsnivå.

Formidling av tekstilhandverket har ein særskilt prioritet: Tradisjonshandverk har som kjenneteikn manuelt arbeid og handlingsboren kunnskap. Vi ser i dag ei forskyving frå kunnskap i, til kunnskap om, som gjer at det tradisjonelle handverket og tradisjonelle material er i ferd med å forsvinne frå vår kulturarv.

### 5.1. RÅDGJEVING

NBF sin fremste funksjon er å vere ein rådgjevande instans på det bunad- og folkedraktfaglege feltet. Henvendingar til NBF i 2019 har omhandla rekonstruksjon, påkledning, bevaring og behandling av bunaddelar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserer dei ulike bunadane rundt om i landet. Bunadsprodusentar og -brukarar, studentar og forskarar, har tinga faglege rettleiingsbesøk, der dei har fått hjelp til å finne fram i samlingane, eller til å teikne mønster av plagg dei ynskjer å kopiere.

I 2019 har instituttet også, ved fire tilfeller, vore rådgjevar på bokprosjekt. Slik rådgjeving inneberer både gjennomlesing og hjelp til å finne gode foto.

Den største delen av rådgjevingsarbeidet har vore i forbindelse med rekonstruksjonsprosjekta der NBF er involvert. Dette rådgjevingsarbeidet dekker eit svært bredt spekter av faglege områder, det kan vere drakthistorie, stoff- eller garnkvalitetar, mønstertilpassing og gradering, medan andre treng praktisk rettleiing i samband med utval og samansetting av plagg.

### 5.2. UNDERVISING

#### 5.2.1. Drakt og samfunn

Drakt og samfunn har ikkje vore i drift i 2018. NBF har i 2019 vore i møte med staben ved Institutt for folkemusikk og folkedans i Rauland (Universitetet i Sørøst Noreg), men dette har ikkje kome noko vidare. NBF held fram med dialogen med Rauland i 2020.

### 5.2.2. Bunadopplæringa

Bunadopplæringa består av seks modular som blir gjennomført over tre år. Innhaldet i modulane er bygd opp kring læreplanen i bunadtilverkarfaget VG3 /opplæring i bedrift. Kursrekkeja kan inngå som eit grunnlag for å gå opp som privatist i faget og vera ein del av eit løp til sveinebrev.

Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. NBF tilbyr kompetanse og tenester for bunadopplæringa ved behov. NBF arrangerte 2 veker med modul 2 av bunadopplæringa i september og oktober 2019, i eit vanleg løp og eit hurtigløp.

## 5.3. FORMIDLING

### 5.3.1. Utstilling

NBF har som mål at ein skal ha gode, faglege og relevante utstillingar til ein kvar tid. I 2019 har instituttet arbeid med ei ny, fast utstilling, som skal opne i oktober 2020. Utstillinga skal omhandle sentrale kvinneskikkelsar i bunadhistoria, og vert teikna av Snøhetta. Utstillinga er del av eit større heile, som inkluderer Valdresmusea sin faste utstilling, samt eit rom for skiftande utstillingar.

### 5.3.2. Nettsider og sosiale media

NBF fekk i mai 2019 ny nettstad, etter Musum24- modellen, i samarbeid med KulturIT og MuseumIT. Nettstaden har fått en funksjonell design og oppbygning, og er fylt med fagstoff. Nytt med Museum 24 er moglegheita til å nytte informasjon frå Digitalt Museum direkte inn på nettstaden. NBF ynskjer å styrke formidlinga via nettstaden i åra som kjem. På Facebook er særleg oppdateringar frå feltarbeid svært populært.

### 5.3.3. Omvisingar

Ulike interessantar som t.d. institusjonar, lag og foreiningar ynskjer frå tid til anna omvising og orientering i NBF sitt arbeid, samt aktuelle utstillingar. NBF har hatt 8 slike besøk i Valdresmusea si utstilling «Fargerike Fellesskap, kvitt raseri» i 2019.

## 6.0. FORNYING OG NETTVERKSBYGGING

### 6.1. NASJONALT NETTVERK FOR DRAKT OG TEKSTIL

NBF gjennom Valdresmusea er nettverksansvarleg for Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. NBF skal som nettverksansvarleg bidra til å skape dialog mellom museumstilsette på det drakt- og tekstilfaglege feltet og leggje til rette for gode møteplassar og kompetansehevande tiltak. Fokus i 2019 har vore på arbeidet i nomenklaturgruppa.

### 6.2. FAGDAGANE 2019

Tittel på Fagdagane i 2019 var tradisjon, bevaring og kvalitet, og var lagt til Oslo sentrum. Dette året vart seminaret ein rein konferanse, utan stoffmesse eller praktiske kurs. Om lag 100 deltakarar frå heile landet deltok og attendemeldingane var gode. På evalueringsmøtet i november vart det bestemt at Fagdagane blir arrangert på Fagernes i 2020. Fagdagane er eit samarbeidstiltak mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

### 6.3. IMMATERIELL KULTURARV

#### 6.3.1. Instruktørnettverket

I 2019 har NBF halde fram si deltaking i instruktørnettverket for implementering av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv i Noreg. Her knyter NBF kontakt med andre relevante aktørar frå kulturarvsfeltet i Noreg, på same tid som ein er med og former arbeidet med IKA i Noreg. 19. – 21. mars 2019 arrangerte NBF samling på Fagernes, med 13 deltakarar, mellom andre Hildegunn Bjørgen frå Norsk Kulturråd. Gruppa drøfta mellom anna UNESCO sitt rammeverk for rapportering, nye nominasjonar frå Noreg og om korleis ein arbeider politisk for å fremme IKA.

#### 6.3.2. Evalueringskomité under Unesco

I februar 2016 vart Camilla Rossing ved NBF spurt om ho ville sitje i ein av seks internasjonale evalueringskomitear under Unesco, saman med Norsk Handverksinstitutt. Komiteen representerer Europa og Nord-Amerika. Desse seks komiteane, saman med seks ekspertar, er dei som evaluerer nominasjonssøknadar frå heile verda om å bli sett opp på Unesco sine lister over Immateriell Kulturarv. Frå april til juni 2019 vurderte den norske komiteen 51 slike søknader.



### 6.3.3. Nominasjon av norsk bunadsbruk til UNESCO

NBF har i 2019 vore med på jamlege møter i arbeidsgruppa bak nominasjonsarbeidet. Mykje av arbeidet i 2019 har omhandla utarbeiding av formidlingsprosjekt knytt til barn og unge, med grunnlag i støtta frå Sparebankstiftelsen. Ein har òg satt opp plan for arbeidet i 2020.

### 6.4. Nordisk draktseminar

I oktober var leiar ved instituttet, ein tilsett og rådsleiar på mellommøte for nordisk draktseminar, i Reykjavik på Island. Tema for neste nordiske draktseminar er dekor på folkedrakt og bunad. Seminaret blir lagt på eit kurs- og konferansehotell nord for Reykjavik i august 2021. På møtet gjekk ein også gjennom vedtektene, og ein vart einige om å forsøksvis invitere to representantar frå Grønland og Færøyane neste år.



Figur 8 Bispekåpe utstilt på Nasjonalmuseet i Reykjavik, Island. Foto: Camilla Rossing, NBF

## 7.0. BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemnd råd og er ein rådgjevande instans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. NBF fungerer som sekretariat for Rådet. BFR har i 2019 kombinert rådsmøta med besøk på Fagernes, og besøk på Hardanger Folkemuseum. Hardanger Folkemuseum hadde i 2019 ei stor bringedukutstilling, og rådet fekk omvising med leiar Agnete Sivertsen.

Eva Steinvik Wold	Dagleg leiar Bunadsaum AS	rådsleiar
Berit Åse Johnsen	Konservator ved Riddoduottarmuseat	medlem
Petra-Mari Linaker	Husflidskonsulent i Troms	medlem
Ayesha Khan	Sosialantropolog i Oslo	medlem
Thomas Walle	Seniorrådgivar ved Musea i Sogn og Fjordane	medlem
Ida Tolgensbakk	Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	varamedlem
Lise Finne	Høgskolelektor, Kunst- og Designhøgskolen, Bergen	varamedlem

Av desse er Eva Steinvik Wold, Berit Åse Johnsen, Petra-Mari Linaker og Lise Finne oppnemnt til 1. mars 2020. Thomas Walle, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk er oppnemnt til 1. mars 2022.

### Møtedatoar 2019

Møte 1: 6. februar, Oslo

Møte 2: 29. mai, Fagernes

Møte 3: 10. – 11. september, Utne i Hardanger

Møte 4: 5. desember, Oslo



Figur 9: BFR på omvising i bringedukutstillinga på Hardanger Folkemuseum, med Agnete Sivertsen.



*Figur 10: På vei til BFR møte, ved Hardangerfjorden, september 2019. Foto NBF.*